



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 18.05.2016
Vår ref.: 2016/4934-1
Saksbehandlar: pernord1
Dykkar ref.:

Tilskot til kommune- og tettstadplanlegging i Hordaland 2016 Informasjon til kommunane

Hordaland fylkeskommune har avsett 450 000 kr som kan delast ut til kommunar i Hordaland som søkbare tilskot til kommuneplanlegging og tettstadplanlegging.

Det kan tildelast støtte på inntil 150 000 kr per prosjekt, med vilkår om at kommunen bidreg med minst tilsvarende. Ein del av kommunen sitt bidrag kan vera i form av eigeninnsats. Midlane må brukast og rapporterast på i løpet av 2016 – innan 1. november.

Kva kan støttast?

Studiar av moglegheiter, stadanalysar, utgreiingar i samband med by- og tettstadutvikling og kommunal planlegging, - og prosessar i tilknytning til slikt arbeid er særleg relevant. Prosjekt som er utviklingsretta og som står opp under handlingsprogrammet for *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* er særleg velkomne. Det er vidare ønskjeleg at prosjekta har overføringsverdi.

Søknaden – krav og handsaming

Kommunen må stå som søker. Det må i søknaden visast til kommunale vedtak eller gjeldande planar som synleggjer bakgrunn for tiltaket. Det er ingen søknadsfrist, men det vert lagt vekt på å tildela midlar raskt for å gje tid for gjennomføring av tiltak. Søknader vert difor vurdert og midlar tildelt fortløpande så langt midlane rekk. Søknadsskjema ligg på nettsida til Hordaland fylkeskommune.

Andre aktuelle tilskotsordningar

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN) har som føremål å stimulera til næringsretta utviklingstiltak i Hordaland. Utvikling av attraktive senter i Hordaland er eit aktuelt verkemiddel for næringsutvikling, og relevante prosjekt med dette som føremål kan støttast gjennom HNN-ordninga.

Link til relevante oppslag på nettsida: [Kommune- og tettstadplanlegging](#), [Næringsutvikling i Hordaland](#).

Per Nordmark
seniorrådgjevar, planseksjonen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Plankontaktar i kommunane